

## Retningslinjer for kulturtilskot i Ålesund kommune

Kulturtilskota har som føremål støtte oppunder, stimulere og vidareutvikle eit mangfaldig kulturliv i Ålesund.

Kulturelle, sosiale og helsefremjande aktivitetar og møteplassar gir trivsel, positiv identitet og god samfunnsutvikling.

Ålesund kommune har fleire tilskotsordningar innafor kultur og idrett, nærmiljø og frivilligheit. Det er ulike søknadsfristar på dei ulike ordningane.

Alle som mottar tilskot over kr 50.000,-, må rapportere på mottatt tilskot i ein kortfatta rapport om kva tilskotet er brukt til, saman med rekneskap. Tidsfrist: seinast 3 månader etter gjennomføring.

Det er ein føresetnad at rapport og rekneskap er sendt inn for å kunne søkje seinare år. Konsekvens ved misleghald kan bli å ikkje få høve til å søkje på eitt til tre år.

Dersom føresetnaden/behovet for tilskotet fell bort, skal midlane betalast tilbake.

Du får hjelp til utfylling av søknadsskjema ved å kontakte Ålesund kommune v/Kultur og fritid.

## Festivalstøtte

Rammene er innretta mot to former for tilskot:

1. Eittårig tilskot.
2. Treårig tilskot til festivalar som har eksistert i minimum tre år. Årleg utbetaling.

### FORMÅL

- Gjere kunst og kultur av høg kvalitet tilgjengeleg for flest muleg.
- Styrke grunnlaget for vidareutvikling av eksisterande og nye festivalar.
- Stimulere til engasjement, mangfald og kvalitet i kunst- og kulturtilbodet.
- Fremje samhandling og kompetansedeling mellom aktørar.
- Stimulere til nye ytringsformer.

### KVA KAN DET GJEVAST TILSKOT TIL?

- Festivalar som er opne og publikumsretta, og der kulturarv og profesjonell og ikkje-profesjonell utøving av musikk, scenekunst, litteratur, visuelle kunstartar og film, tv, video og dataspel er hovudformål.

- Festivalen skal finne stad i Ålesund kommune og ha ei varigheit på minimum to dagar.
- Festivalar med mindre kommersielt preg/innteningspotensial, nystarta initiativ og nye uttrykk vil bli prioritert.
- Festivalar som Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune etter felles strategi ønsker å satse på med årleg tilskot over tre år.

#### KVA BLIR DET IKKJE GITT TILSKOT TIL?

- Festivalar som er under avvikling eller er gjennomført.
- Dekking av underskot.
- Lukka festivalar.
- Festivalar som er tydeleg økonomisk sjølvberande.

#### KRAV TIL SØKNADEN

- Søknaden skal innehalde budsjett i balanse som viser alle utgifter og inntekter. Og i tillegg ein plan for finansieringa.
- Søknaden skal innehalde prosjektskildring og plan for gjennomføring av festivalen.
- Mangelfulle søknader vil ikkje bli behandla.

Søknadsfrist: 11. november